

Snøballkamp i klasserommet



Mål med oppgåva

- bli betre kjende med kvarandre
- repetere kva som kjenneteiknar adjektiv som ordklasse



Du treng

- å skrive ut eit arbeidsark til kvar elev
- blyant

Oppdrag

Del ut eit arbeidsark til kvar elev, og be dei fylle det ut. Minn elevane på at dei ikkje må skrive namnet sitt på arket. Når oppgåvene er gjorde, skal elevane krølle saman arket sitt til ein snøball. Klassa stiller seg så opp i ein ring, og når læraren roper «snøballkrig», kastar alle elevane snøballane mot kvarandre. Når snøballkrigen har vart i 30 sekund, blir oppgåva å finne ut kven som har skrive dei ulike snøballane.

EKSEMPELARK

Skriv fem setningar om deg sjølv.	Skriv fire adjektiv som seier noko om kven du er.	Teikn favorittretten din og ein av venane dine.
<p>Eg er ein gut med brunt hår og blå auge.</p> <p>Eg likar å spele badminton på fritida.</p> <p>Favorittspelet mitt er Minecraft.</p> <p>Bestevenen min heiter Hans-Petter.</p> <p>Eg har ein storebror som heiter Sebastian.</p>	<p>energisk</p> <p>nysgjerrig</p> <p>pratesjuk</p> <p>uthaldande</p>	 

**Skriv fem setningar om
deg sjølv.**

**Skriv fire adjektiv som
seier noko om kven du er.**

**Teikn favorittretten din
og ein av venane dine.**